

AKKREDITERINGS- RAPPORT

Ph.d. i utdanning, språk og kultur
Høgskulen i Volda

2024



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eige styre og er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltingsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.



NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

grad/studiepoeng	ph.d. / 180 studiepoeng
sakkunnige	Nils Ivar Agøy, Inga Bostad, Audhild Lindheim Kennedy og Jens Rasmussen
dato for vedtak	14.02.2024
saksnummer	22/11467

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

Føreord

NOKUT fører tilsyn med kvaliteten i norsk høgare utdanning gjennom tilsyn med kvalitetsarbeidet ved institusjonane, akkreditering av nye studietilbod og tilsyn med etablerte studietilbod. Universitet og høgskular har ulike fullmakter til å opprette studietilbod. Dersom institusjonar ønsker å opprette eit studietilbod utanfor sitt fullmaktsområde, må dei søke NOKUT om akkreditering av studietilbodet.

Den sakkunnige komiteen som er oppnemnt av NOKUT, har vurdert søknaden frå Høgskulen i Volda om akkreditering av studietilbodet *ph.d. i utdanning, språk og kultur*. Komiteen har samla sine vurderingar i denne rapporten.

Innhold

1 Informasjon om søkerinstitusjonen	5
2 Vedtak	7
3 Fagleg vurdering.....	8
3.1 Oppsummering	8
3.2 Føresetnader for akkreditering.....	10
3.3 Krav til doktorgradsområdet.....	14
3.4 Krav til studietilbudet.....	17
3.5 Krav til fagmiljøet.....	25
4 Konklusjon	32
5 Dokumentasjon	33
Vedlegg 1: Læringsutbytte	33
Vedlegg 2: Akkrediteringsprosessen.....	34
Vedlegg 3: Program for institusjonsbesøk	34
Vedlegg 4: Presentasjon av den sakkunnige komiteen.....	35

1 Informasjon om søkjarinstitusjonen

Høgskulen i Volda (HVO) er ein statleg høgskule, oppretta i 1994. HVO ligg sentralt plassert i Volda og har rundt 4 500 studentar og rundt 380 årsverk (2021). Høgskulen har ei todelt leiing med vald rektor. Rektor har det overordna ansvaret for det faglege arbeidet og er leiar av høgskulestyret.

Høgskulen sin strategi er å vere «ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn». HVO skal «skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet». Satsingsområda for perioden 2022–2025 er «å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga, ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt og vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen».

Høgskulen si omtale av studietilbodet og grunngjeving for søknaden

HVO søker om å få akkreditert eit ph.d.-program innanfor humaniora og utdanningsvitskap med namnet *ph.d. i utdanning, språk og kultur*. Studietilbodet handlar om «fagfelt og perspektiv som søker kunnskap om menneska si forståing av verda og det menneskeskapte så vel som av menneskeleg utvikling, læring og danning». Programmet har «hovudfokus på kulturelle perspektiv på utdanning, språk, tekst og skriftkultur samt ulike kulturmøte».

Grunngjevinga for søknaden er at fagmiljøa, både dei profesjonsretta og dei disiplinære, over tid har tradisjon for å arbeide på tvers med ulike tyngdepunkt i det faglege og det didaktiske. HVO skriv at programmet

har eit særleg fokus på fagdidaktiske og andre tilnærmingar på tvers av disiplinær og profesjonar: utdanningsvitskap, norsk og engelsk språk- og litteraturvitskap, historie, religion og livssyn og medie- og kulturfag, med både felles og særneigne faglege perspektiv. Vitskapsteoretisk og metodisk vert humanistiske og samfunnsvitskaplege tilnærmingar lagde til grunn.

Fagområda for studietilbodet er også knytt til «[f]orståing av kultur i fortid og notid, slik han kjem til uttrykk i språk, tekst, samhandling og ulike medium», og utgjør «eit sams interessefelt for faga i programmet, [...] anten fokuset er læringskultur, skriftkultur eller møte mellom ulike kulturar».

Saman med Høgskolen i Molde har HVO sidan 2014 hatt ph.d.-programmet *ph.d. i helse- og sosialfag: profesjonsutøving – vilkår og utvikling*.

Høgskulen er organisert i fire avdelingar:

- Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL)
- Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH)
- Avdeling for kulturfag (AKF)
- Avdeling for mediefag (AMF)

Denne søknaden er hovudsakleg basert i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Med om lag 140 tilsette er det den klart største avdelinga ved HVO.

Det faglege personalet ved avdelinga er organisert i seks institutt:

- Institutt for språk og litteratur
- Institutt for realfag
- Institutt for pedagogikk
- Institutt for religion og livssyn
- Institutt for digital kompetanse
- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Samstundes som det planlagde ph.d.-programmet får hovudbase i AHL, vil det involvere fagfolk, stipendiatar og forskingsprosjekt også frå dei tre andre avdelingane ved høgskulen.

Følgande masterprogram bygger opp under det nye ph.d.-programmet:

- master i barnehagekunnskap
- master i grunnskulelærerutdanning 1–7 (med norsk, matematikk eller spesialpedagogikk)
- master i grunnskulelærerutdanning 5–10 (med norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag eller spesialpedagogikk)
- master i kultur møte (samarbeid mellom Institutt for religion og livssyn ved AHL og Historisk institutt ved Avdeling for samfunnsfag og historie)
- master i skriftkultur (med fordjuping i engelsk og nynorsk)
- master i spesialpedagogikk
- erfaringsbasert master i undervisning og læring (med norsk, matematikk, samfunnsfag eller engelsk)
- Master in Media Practices

Dei sju første masterprogramma høyrer heime på AHL, mens det siste høyrer heime på Avdeling for mediefag.

2 Vedtak

Ph.d.-programmet i utdanning, språk og kultur ved Høgskulen i Volda tilfredsstiller alle krav til akkreditering. Studieprogrammet akkrediteres.

Vedtaket er fattet med hjemmel i:

- lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2005 nr. 15
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning av februar 2010
- forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning av 9. februar 2017

3 Fagleg vurdering

3.1 Oppsummering

Høgskulen i Volda har søkt om akkreditering studietilbodet *ph.d. i utdanning, språk og kultur*. Gjennom søknaden og institusjonsbesøket meiner komiteen at det er ein tydeleg forankra prosess bak utviklinga av programmet, med brei involvering. Det er også klart for dei sakkunnige at ph.d.-programmet passar godt inn i strategien til høgskulen, samtidig som det byggjer på dei to faglege tradisjonane som institusjonen er sterk på, nemleg disiplinfag og profesjonsfag innanfor utdanning, språk og kultur, område som lenge har samarbeidd godt. Det er eit breidt doktorgradsprogram, og komiteen tilrår at leiinga held fram med å sikre eit godt samarbeid mellom lærarutdanninga og disiplinfaga for vidare å halde fram med å utvikle denne heilskapen i det nye ph.d.-programmet.

Komiteen legg til at det bør komma tydelegare fram frå høgskulen si side i presentasjonen av doktorgradsprogrammet at profilen i vesentleg grad kviler på dei faglege opplegga og samarbeidsrelasjonane som over tid er arbeidd fram i dei eksisterande studietilboda ved fleire av høgskulen sine avdelingar. Dei sakkunnige tilrår ei forklarande setning under namnet på programmet og i studieplanen som endå betre kommuniserer til søkjarane kva for faglege og vitskapsteoretiske tradisjonar programmet byggjer på.

Fagmiljøet som er knytt til studietilbodet, er breidt og består av mange fagtilsette, og det har også tilstrekkeleg med rettleiarkompetanse. Dei fagleg tilsette har høg forskingskompetanse innafor doktorgraden sine fagområde, men breidda krev at HVO har stillingsplanar og strategiske mål for å oppretthalde rettleiar- og forskingskompetansen.

Komiteen tilrår at høgskulen skal få faglege fullmakter til å etablere studietilbodet *ph.d. i utdanning, språk og kultur*.

3.1.1 Skildring av fagområdet

Ein føresetnad for akkreditering av eit ph.d.-program er at definisjonen av fagområdet er tilstrekkeleg tydeleg. Det er nødvendig for å kunne avgrense dei faglege fullmaktene som akkrediteringa fører med seg. Det planlagde ph.d.-programmet i utdanning, språk og kultur er plassert innanfor humaniora og utdanningsvitskap og blir avgrensa ved å vera eit «fagfelt og perspektiv som søker kunnskap om menneska si forståing av verda og det menneskeskapte så vel som av menneskeleg utvikling, læring og danning». Fagmiljøet har «hovudfokus på kulturelle perspektiv på utdanning, språk, tekst og skriftkultur, samt ulike kultur møte». Søknaden framhevar den lange, lokale danningstradisjonen og dei kulturelle studia ved høgskulen som ein styrke ved fagmiljøet, særleg historiske og aktuelle kultur møte som «spenninga mellom sentrum og periferi, bygdekultur, ulike skriftkulturar, 'motkultur' og kultur møte».

Det som utgjør kjernen til fagområdet, er «skjeringspunktet mellom utdanning, språk og tekst, skriftkultur og ulike kultur møte». Det blir også nemnt i søknaden at kultur er forstått breitt både i fortid og notid som læringskultur, skriftkultur og møte mellom ulike kulturar.

Fagområdet er avgrensa ved å framheve, anvende og reflektere over dei humanistiske fagtradisjonane som relevante for utdanning, språk og kultur. Det vil seie at fagområdet delvis er definert av studieobjekta, som til dømes kulturmøte eller språkleg utvikling, og delvis av metodane som blir brukte, til dømes hermeneutikk.

Fagområdet byggjer på eit historisk og tverrfagleg samarbeid mellom profesjonsfag og disiplindefag, der det alt er oppgatte stiar for samarbeid mellom avdelingane, og der synergiane allereie finst i bachelor -og masterprogramma og i forskargruppene.

Døme på slike synergjar er norskfaget, der samarbeid mellom disiplinmiljøet og lærarutdanninga har samla og styrka språkkulturar innan språkvitskap, litteraturvitskap, og mediefaget, som spring ut av møtepunktet humaniora og samfunnsfag, og der faget er utvikla med ein særeigen profil mot folkeopplysning og demokrati.

3.2 Føresetnader for akkreditering

3.2.1 Aktuelle krav i universitets- og høgskulelova

studiekvalitetsforskrifta § 3-1 (4)

En forutsetning for akkreditering av studietilbud er at kravene i lov om universiteter og høyskoler er oppfylt. Forskrifter gitt med hjemmel i lov om universiteter og høyskoler § 3-2 skal legges til grunn for akkrediteringen.

studietilsynsforskrifta § 2-1 (1)

Aktuelle krav i lov om universiteter og høyskoler med tilhørende forskrifter skal være oppfylt.

Vurdering

System for kvalitetssikring

Ph.d. i utdanning, språk og kultur er det første ph.d.-programmet HVO søker om akkreditering for åleine. Frå før har HVO i samarbeid med Høgskolen i Molde (HiMolde) sidan 2014 tilbode *ph.d. i helse- og sosialfag: profesjonsvilkår og utvikling*. Denne fellesgraden blir kvalitetssikra gjennom kvalitetssikringssystemet til HiMolde. *Ph.d. i utdanning, språk og kultur* er normert til tre års heiltidsstudium (180 studiepoeng), inkludert ein opplæringsdel på minimum 30 studiepoeng.

Ph.d. i utdanning, språk og kultur er heimla i universitets- og høgskulelova, i studiekvalitetsforskrifta, i studietilsynsforskrifta og i (utkast til) forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen i Volda (ph.d.-forskrifta), når denne siste formelt blir vedteken og kunngjord i Lovdata. Komiteen ser at sistnemnde forskrift byggjer på Universitets- og høgskulerådets (UHR) retningslinjer frå 2018 om graden philosophiae doctor (ph.d.) – vitskapleg ph.d.

Det utkastet til ph.d.-forskrift som HVO har lagt ved søknaden, har mellom anna føresegner om infrastruktur, opptak og ph.d.-avtaler, gjennomføring og fullføring av ph.d.-utdanninga og dessutan føresegner om klageatilgang. Det følgjer vidare av utkastet at styret har det overordna ansvaret for ph.d.-utdanning ved høgskulen, som er organisert i program som blir forvalta av ein av HVO sine avdelingar. Kvar ph.d.-program skal vera underlagt eit ph.d.-utval. HVO har utarbeidd utkast til utfyllande retningslinjer og avtalemalar heimla i ph.d.-forskrifta. Desse omfattar nærare føresegner om opptak, rettleiing, opplæringsdel, rapportering, evaluering og om krav til ph.d.-avhandlinga. Vidare har HVO fastsett eigne retningslinjer for rettar og plikter knytt til arbeidsforholdet for stipendiatar ved høgskulen.

Opptakskrava til ph.d.-programmet følgjer av utkast til ph.d.-forskrift og utfyllande retningslinjer. Det kjem fram av ph.d.-forskrifta § 5 at eit vilkår for opptak er at søker har femårig mastergrad eller tilsvarande utdanning. Vidare følgjer det av utkast til retningslinjer for ph.d.-programmet at den utdanninga som dannar grunnlag for opptak, må vera relevant for ph.d.-utdanninga. Normalt er dette humanistiske (inkludert medie- og kulturfag),

pedagogiske, fagdidaktiske eller samfunnsvitskaplege fag. Det er også sett karaktergrenser for opptak til ph.d.-utdanninga.

Kvalitetssystemet til høgskulen vart sist godkjent av NOKUT i 2022. HVO skriv i søknaden at høgskulen etter dette, og på bakgrunn av tilrådingar frå den sakkunnige komiteen i tilsynet, har forenkla og forbetra kvalitetssikringssystemet. HVO har utvida systemet til også å omfatta ph.d.-nivået. Det vil seie at systemet omfattar HVO sine utdanningar på alle nivå, og dessutan at høgskulen er teke inn enkelte føresegner som berre gjeld ph.d.-nivået.

Som nemnt over er det høgskulestyret som har det overordna ansvaret for høgskulens ph.d.-utdanningar, medan det følgjer av utkast til ph.d.-forskrift § 3 at avdelingane har ansvar for forvaltninga av ph.d.-utdanningane. Det er Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) som har ansvar for *ph.d. i utdanning, språk og kultur*. Kvar ph.d.-program skal vera underlagt eit doktorgradsutval med delegert ansvar for kvalitetssikring, utvikling og godkjenning av studie- og emneplanar, opptak av kandidatar og fastsetjing av utfyllande retningslinjer for programmet. Andre sentrale funksjonar er beskrivne slik i kvalitetssystemet:

- Forskingsutvalet: Utvalet skal gi råd om forskarutdanning og stipendiatsatsing og vidare vere pådrivar for at forskinga ved HVO held høg kvalitet og er knytt til utdanningane.
- Doktorgradsutvalet: Det følgjer av ph.d.-forskrifta at utvalet blant anna har ansvar for opptak og gjennomføring av ph.d.-utdanninga, kvalitetssikring og godkjenning av studie- og emneplanar og for utfyllande retningslinjer for utdanninga.
- Programansvarleg er blant anna ansvarleg for å utarbeide ein kvalitetsrapport på bakgrunn av emnerapportar og studieprogramevalueringar. Kvalitetsrapporten blir lagd fram for doktorgradsutvalet for godkjenning, og inngår i avdelinga sin årlege kvalitetsrapport.

Det følgjer av ph.d.-forskrifta at når opplæringsdelen og alle delane av doktorgradsprøva er godkjente av høgskulen i samsvar med ph.d.-forskrifta, blir kandidaten kreert til doktor. I samsvar med universitets- og høgskulelova § 3-11 og ph.d.-forskrifta blir det utferd vitnemål for gjennomført ph.d.-program. Vitnemålet inneheld opplysningar om namnet til programmet, tittelen på avhandlinga og datoen for disputas, og blir underskrive av rektor. Høgskulen har lagt ved ein mal for Diploma Supplement (DS), som følgjer standard oppsett gitt i Felles Studentsystem (FS), og som skal underskrivast av studiedirektøren.

Komiteen reknar dette som tilfredsstillande, men føreset at ph.d.-forskrifta blir kunngjort på Lovdata. Komiteen vil likevel tilrå at HVO utarbeider ei tydeleg skildring av mandat for doktorgradsutvalet og av krav til samansetning av utvalet, og at høgskulen skildrar kva rolle programleiar for ph.d.-utdanninga har i doktorgradsutvalet (til dømes deltakar eller leiar). Det bør gjerast tydeleg kvar sekretærfunksjonen er plassert, og eventuelt kva for nokre andre roller som har oppgåver knytte til gjennomføring av programmet. Komiteen vil også tilrå at HVO utarbeider meir utfyllande informasjon og malverk til hjelp for både studentar og tilsette ved gjennomføring av ph.d.-program, til dømes i form av ein ph.d.-handbok.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- utarbeide ei tydeleg skildring av mandatet for doktorgradsutvalet
- gjere tydeleg kva som er ansvaret og oppgåvene til dei som formelt er knytte til doktorgradsprogrammet

3.2.2 Informasjon om studietilbudet

studietilsynsforskrifta § 2-1 (2)

Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon, samt muligheter for studentutveksling.

Vurdering

Studieplan

Informasjonen om studietilbudet i studie- og emneplanar er godt og tydeleg skrive og viser i all hovudsak innhald og oppbygging av studietilbudet på oversiktleg og meningsfullt vis.

I omtala av ph.d.-programmet i studieplanen kjem det likevel ikkje klart nok fram kva HVO legg i kultur-omgrepet. Institusjonsbesøket gjorde klart at programnamnet er meint å vise at programmet er forankra i dei faglege tradisjonane som gjennom lang tid er bygde opp ved høgskulen. Ein presisering av dette i studieplanen vil skape ei betre bru mellom fagområda. Når det gjeld emneval, kan studentane velje mellom fire emne. Desse emna kan for nokre forskingsprosjekt vera eit for smalt tilbud. Difor bør det kome tydelegare fram at ein kan velje emne frå eksterne institusjonar.

Komiteen meiner det vil vere tenleg at HVO tar inn ei setning i studieplanen der ein oppfordrar stipendiatane til internasjonalisering. Slik internasjonalisering no er omtala i studieplanen, informerer HVO berre om at ein kan få økonomisk støtte for å vere ved ein utanlandsk utdannings- eller forskingsinstitusjon.

Ph.d.-forskrifta og retningslinjer for ph.d.-programmet

Utkastet til forskrift for ph.d.-graden er godt og informativt, det same gjeld for utkastet til retningslinjer for ph.d.-programmet. HVO må særleg rosast for å ha tatt med punkt 2.6 «Stipendiatperiode og arbeidsplikt» i retningslinjene. Her gjev HVO stipendiatane eit naudsynt reiskap i å gjere seg ferdig med avhandlinga innan finansieringa går ut, samt at HVO med dette legg til grunn at stipendiatane fyrst og fremst er ein forskingsressurs og ikkje berre ein arbeidsressurs. I studieplanen vert midtvegsevaluering og sluttseminar nemnt. Desse to seminara kan HVO også vurdere å innlemma i ph.d.-forskrifta.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- presisere i studieplanen kva som bind fagområda saman
- oppfordre stipendiatane til internasjonalisering i studieplanen

3.3 Krav til doktorgradsområdet

3.3.1 Området for studietilbodet skal utgjøre ein vitenskapleg heilskap

studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (2)

Området for doktorgradsstudiet skal utgjøre en vitenskapelig helhet, og det skal være sammenheng mellom de enkelte delene studiet er satt sammen av.

Vurdering

Slik ph.d.-programmet er beskrevet i søknaden, så skal studieområdet ha ei kjerne som kople utdanning, språk og kultur. I studieplanen står det:

Kjernen i programmet er i skjæringspunktet mellom utdanning, språk og tekst, skriftkultur og ulike kulturmøter, og det har eit særleg fokus på fagdidaktiske og andre tilnærmingar som går på tvers av disiplinær og profesjonær: utdanningsvitenskap; norsk og engelsk språk- og litteraturvitenskap; historie, religion og livssyn; medie- og kulturfag.

Ein avgjerande premisse er at studietilbodet verkar heilskapleg, og at emne og undervisninga som blir tilbodne, gjer denne koplinga mellom dei tre fagområda, og ikkje overlèt til stipendiatane å reflektera over ein slik heilskap.

Ein stor del av potensialet for å skapa ein vitenskapleg heilskap vil truleg kvila på det obligatoriske profitemnet Utdanning, språk og kultur på 5 studiepoeng. I tillegg vil dei konkrete, eksisterande forskingsprosjekta, nasjonale og internasjonale nettverk samt forskingsgruppene sitt tverrfaglege samarbeid mellom disiplin- og profesjonsfag bidrege til å gje programmet ein vitenskapleg heilskap. Ph.d.-studentane peikte òg på at det ved HVO er tradisjon for at fagområda arbeider saman trass ulike forskingstema.

Komiteen finn at lærarutdanninga og disiplinfaga allereie samarbeider på ein slik måte at det obligatoriske emnet vil kunne føre til ein vitenskapleg heilheit, men at det vil kvile eit stort ansvar på både leiinga og dei fagleg tilsette i programmet for å tydeleggjere, oppretthalde og vidareutvikle denne heilskapen.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- syte for at leiinga av programmet og ansvarlege for emnet Utdanning, språk og kultur fortset med å sikre eit godt samarbeid mellom lærarutdanninga og disiplinfaga, for vidare å helde fram med og utvikle denne heilskapen i det nye ph.d.-programmet

3.3.2 Kvalitet og omfang i utdanning og forskning


studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (1)

Institusjonen skal tilby utdanning og forskning på området for doktorgradsstudiet som har en høy kvalitet og et omfang som sikrer at doktorgradstudiet kan gjennomføres på høyt vitenskapelig nivå. Institusjonen skal ha bredde i studietilbudet på lavere og høyere grads nivå innenfor området for doktorgradsstudiet.

Vurdering

HVO har tretten bachelorprogram og åtte masterprogram som bygger opp under det nye ph.d.-programmet. Høgskulen har skissert ein oversikt over desse programma i ein tabell i søknaden (MAGLU = master grunnskulelærerutdanning, BLU = barnehagelærerutdanning):

Figur 1. Skisse av «utdannings-pyramide» med det nye ph.d.-programmet i toppen.



Det er ei stor breidde i programma. Dei fører saman ei rekkje av fagtradisjonar og legg slik sett til rette for den tverrfaglege innretninga som ph.d.-programmet er meint å ha. Komiteen har merka seg at HVO i nasjonal samanheng har markert seg tydeleg innfor fleire av fagområda, som til dømes mediefag, skriftkulturar og kulturmøte. Programma som er basis for ph.d.-graden, utgjer til saman ein stor del av HVO sin portefølje, innfor både utdanning og forskning. Komiteen legg òg merke til at det ikkje finst eit eige masterprogram i historie, sjølv om masteren i kulturmøte har ein historieförankring. Innafor områda utdanning, språk og kultur er det likevel ei breidde i studietilbudet på lågare og høgare grad innfor området for ph.d.-programmet. Samstundes er det utslagsgjevande at fagmiljøet fortset med å publisere, formidle og engasjere seg i forskning på eit høgt vitskapleg nivå innfor alle fagområda, slik at undervisningstilbudet held fram med å vera forskingsbasert

og av høg kvalitet. Sjå punkt 3.5.1 for komiteen si vurdering av forskinga til fagmiljøet. Komiteen finn at krava er oppfylte.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

3.4 Krav til studietilbudet

3.4.1 Læringsutbytte og namn på studietilbudet

studietilsynsforskrifta § 2-2 (1)

Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

Vurdering

Namnet på studietilbudet

Namnet på ph.d.-programmet omfattar tre fagområde, utdanning, språk og kultur, som til saman utgjer profilen for programmet. Ved å framheve utdanning først i programnamnet, ønskjer ein å signalere at programmet knyter seg til høgskulen sine lærarutdanningar. Fagområdet *utdanning* skal ta for seg pedagogisk forskning, generell didaktikk, fagdidaktikk og andre vitenskaplege perspektiv på utdanning. Fagområdet *språk* skal først og fremst ta for seg norsk, engelsk og litteraturvitenskap, men òg ulike tekstar, kommunikasjonsformer og medievitenskap. Det tredje elementet i tittelen, *kultur*, skal framheve kulturkomponenten i skrift, tekst og språk. Dei tre fagområda som utgjer tittelen på programmet, blir grunnjevne med tre institusjonsrelaterte forhold. For det første at språkmiljøet ved høgskulen samarbeider med høgskulen sin mastergrad i skriftkultur og kultur møte, for det andre at viktige fag i skulen og lærarutdanninga kan møte medievitenskap og praktisk-estetiske kulturfag ved høgskulen, og for det tredje at programmet kan verke vidare i den nye tradisjonen ved HVO som brubyggar mellom disiplin fag og profesjonsfag.

Programnamnet verkar noko breitt. På den eine sida er programmet vel fundert i høgskulens masterprogram, men på den andre sida trer det ikkje fram som klart fokusert og vil kunne vinna ved tydelegare skildringar av retninga for forskarutdanninga. Det verkar heller ikkje klart korleis relasjonane mellom ph.d.-programmet og høgskulen sine masterprogram og lærarutdanningsinterne problemstillingar spesifikt fremjar forskarutdanninga. Høgskulen bør gjere det tydeleg for søkjarar kva som er formålet med og profilen til programmet, slik at forventningane til ph.d.-prosjekta blir tydelege.

Læringsutbyttet

Læringsutbyttet skal nås gjennom ei inndeling av utdanninga i ein kursdel og ein sjølvstendig forskingsprosjektdel på høvesvis 30 og 150 studiepoeng. Læringsutbyttet er formulert i kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generelle kompetansemål, som føreskrive i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (nivå 8). Formuleringane for målet er lagde relativt tett opp til dei ein finn i rammeverket. Det tyder at få mål er spesifikke for ph.d.-programmet. Komiteen vurderer at det er i samsvar med det ein kan forvente av ei ph.d.-utdanning, og at formuleringane er tilstrekkeleg fagspesifikke.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- gjere det tydeleg for søkjarar kva som er formålet og profilen i programmet, på ein slik måte at forventningane til ph.d.-prosjekta kan formidlast meir eintydig, gitt at namnet på studietilbodet er breitt

3.4.2 Fagleg oppdatering og relevans i studietilbodet

studietilsynsforskrifta § 2-2 (2)

Studietilbudet skal være faglig oppdatert, og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.

Vurdering

Dei to skisserte hovudstrategiane for å sikre fagleg oppdatering i ph.d.-programmet er å syte for at pensumlistene i opplæringsdelen kombinerer klassiske vitenskaplege tekstar med nyare faglitteratur, og at programmet vert drifta av aktive forskarar. Komiteen meiner at føresetnaden må vere at fagmiljøet har forskarkompetanse og såleis kjenner til utviklinga på nett dei områda som undervisninga skal dekke. Med kompetanse spreidd på så mange fagtilsette som det er snakk om i søknaden (fleire enn 40), vil dette ikkje vere heilt liketil å få til i praksis. Det vil krevje at emneundervisninga til kvar tid blir gitt av aktive forskarar på dei aktuelle felta, utan at undervisninga i dei einskilde emna tapar samanheng.

Programmet framstår som samfunnsrelevant. Dei representantane for fylkeskommune, kommunar og andre eksterne institusjonar som komiteen møtte i Volda, understreka at det i dag ligg føre nett slike regionale behov. Samstundes vil komiteen framheve eigenverdien av kulturelle perspektiv i ei samtid prega av digitalisering og aukande mangfald, og ikkje berre verdien av dei meir fluktuerande behova for nyrekruttering og auka kompetanse i regionen.

Høgskulen bør òg gjere greie for konkrete vurderingar når det gjeld samfunnsbehov, noko som er lite omtalt i søknaden.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- syte for at emneundervisninga til kvar tid blir gitt av folk som er utdanna og aktive forskarar på dei aktuelle felta, utan at undervisninga i dei einskilde emna tapar samanheng
- i noko større detalj gjere greie for – både i omtala av og i informasjon om studietilbodet – kva for yrke kandidatane kan vente å kvalifisera seg til, og kva for samfunnsbehov studietilbodet fyller

3.4.3 Arbeidsomfang i studietilbudet

studietilsynsforskrifta § 2-2 (3)

Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500-1800 timer per år for heltidsstudier.

Vurdering

I søknaden reknar HVO med at arbeidsomfanget vil vere 40 timar i 40 veker, noko som svarar til 1600 timar i året. Komiteen finn at samla arbeidsomfang verkar tilfredsstillande.

Som positivt vil komiteen trekka fram stipendiatperiode og arbeidsplikt i vedlegget om reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO. Her legg HVO godt til rette for at arbeidsplikta ikkje skal ete seg inn i sjølve forskingsarbeidet til stipendiatane. Det er til dømes spesifisert at pliktarbeidet om mogleg skal ha relevans for doktorgradsarbeidet, at stipendiatar får eit ekstra frådrag i timerekneskapet og høgare førebuingsfaktor enn fast tilsette, og at stipendiatane helst ikkje skal ha pliktarbeidsoppgåver det siste året av tilsettingsperioden.

Konklusjon

Kravet er oppfylt.

3.4.4 Innhald, oppbygging og infrastruktur i studietilbudet

studietilsynsforskrifta § 2-2 (4)

Studietilbudets innhald, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Vurdering

Innhald og oppbygging

Emna i programmet består av ein obligatorisk del og ein tilvaldsdel på 15 studiepoeng kvar. Den obligatoriske delen består av tre emne, kvart av dei på 5 studiepoeng, som skal gi stipendiatane grunnleggjande, tverrfagleg kunnskap og ei felles plattform for forskingsprosjekta (emne 1–3). I emnet Utdanning, språk og kultur får kandidatane ei drøftande innføring i humaniora og utdanningsvitskap som fagtradisjonar, og med særleg vekt på språklege og kulturelle innfallsvinklar. Dei andre to obligatoriske emna er Vitskapsteori, metodologi og forskningsetikk og eit opplæringsemne i forskingsmetodar.

Tilvaldsdelen består av fire emne, og stipendiatane skal velje tre av dei. Til søknaden har HVO lagt ved studie- og emneplanar for dei sju emna høgskulen tilbyr i ph.d.-programmet, med tentative pensum. Det er òg mogleg for stipendiatane å få godskrive emne dei har tatt ved forskarskular eller andre institusjonar. Ut over desse poenggivande emna tilbyr høgskulen

kurs i forskingsformidling, forskningsetikk og reglar for forskning. Avhandlingsarbeidet utgjer 150 studiepoeng.

Komiteen vurderer at emna i studietilbodet byggjer logisk på kvarandre. Det er få valemne, og det kan verke noko snauvt at ein berre kan velje mellom fire valemne, særleg når to av desse emna er innan metode. HVO bør på sikt utvikle fleire valfrie emne. Som omtalt i punkt 3.2.2 bør HVO kommunisere tydelegare at ein kan velje emne frå andre institusjonar. Å velje ph.d.-emne ved andre norske institusjonar for høgare utdanning gjev stipendiatane moglegheit til å knytte nye band til andre forskarmiljø på eit høgt internasjonalt nivå. Det faglege nivået på stipendiatane sine sjølvstendige arbeid kan dra god nytte av eit eventuelt samarbeid om ph.d.-emne med andre institusjonar.

HVO kan vurdere å utvide emnet Utdanning, språk og kultur, som er ein del av den obligatoriske opplæringsdelen, til 10 studiepoeng. Dette emnet er profilemnet for programmet, og kan hende bør det difor ha fleire studiepoeng enn 5.

Om generell kompetanse i læringsutbytteskildringane kan ein lese i studieplanen at stipendiatane skal få kompetanse som gjer dei i stand til å delta i debattar på fagfeltet i internasjonale fora. Komiteen oppfordrar HVO til å vurdere å kople studiepoeng til stipendiatane si deltaking på konferansar. Dette finn ein til dømes ved både UiO og UiB. Ein praksis der ein oppnår studiepoeng for deltaking på internasjonale konferansar, kan utvikle og kvalitetssikre stipendiatane sine forskingsbidrag i internasjonale fora og gje stipendiatgruppa trygge rammer og sjølvtilitt til å vera med i den internasjonale debatten.

Det er ikkje lagt inn eit oppstartsseminar, noko mange universitet nyttar som eit høve for stipendiaten til å presentere sitt prosjekt for fagmiljøet. Eventuelt kan ein slik type oppstartseminar trekkast inn i Avhandlingsforum.

Komiteen vurderer innhaldet i og oppbygginga av studietilbodet som tilfredsstillande.

Infrastruktur

Alle stipendiatane vil få tildelt kontorplass og PC med tilknytning til høgskulen sitt nettverk og tilgang til brukarstøtte. Det er planlagt at stipendiatane, som no sit i fellesskap, skal flytta over i nye lokale. Stipendiatane vil òg få tildelt driftsmidlar og ha tilgang til høgskulebiblioteket, som rår over monalege ressursar. Doktorgradutvalet vil få tildelt administrative ressursar, mellom anna til sekretariat, frå AHL.

Komiteen vurderer infrastrukturen som tilfredsstillande.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- utarbeide fleire eigne emne eller samarbeide med andre institusjonar om sams ph.d.-emne
- førebu og oppmuntre stipendiatgruppa til å reise på internasjonale konferansar og vurdere å gje studiepoeng for deltaking på slike konferansar

- vurderer å utvide emnet Utdanning, språk og kultur til 10 studiepoeng

3.4.5 Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

studietilsynsforskrifta § 2-2 (5)

Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Vurdering

Kvart emne har ei emneskildring med omtale av innhaldet, læringsutbyttet og arbeidskrav. Komiteen meiner at arbeidskrava er varierte og tilpassa dei ulike emna, og HVO legg til rette for at stipendiatane skal ta ei aktiv rolle. Komiteen ser at HVO tenkjer breitt i kva som ligg i å gje stipendiaten ei forskarutdanning. Slik skal stipendiaten, etter at ein har gjort seg ferdig med forskarutdanninga, kunne formidle både munnleg og skriftleg, både vitskapleg kunnskap og eiga forskning, til eit breitt publikum i og utanfor eige fagfelt.

Komiteen meiner at når det gjeld vurderinga av stipendiaten, bør det kome fram kva som krevst av stipendiaten både i førebuinga til og i gjennomføringa av midtvegs- og sluttseminara (til dømes at stipendiaten set saman ein skriftleg rapport om eige arbeid og progresjon så langt). Vidare bør det òg informerast om kor mykje tid som er satt av til stipendiaten sin presentasjon, og kor mykje tid som er satt av til opponenten si tilbakemelding. Komiteen oppmodar HVO til å be opponenten om å gje stipendiaten ei skriftleg vurdering eller ein rapport om stipendiaten sitt arbeid så langt. Dette er særskild viktig med tanke på midtvegsvurderinga. Komiteen oppmodar òg til at HVO vel ein ekstern opponent til både midtvegs- og sluttseminaret. Desse to seminara kan sjåast som ein moglegheit til å bygge eit større nasjonalt nettverk både for stipendiaten og for HVO. HVO bør òg syte for at informasjon om sluttseminaret vert inkludert i ph.d.-forskrifta og sett inn som eit eige punkt i studieplanen.

Det bør òg komme fram i omtala av emna kva for karakterar «bestått» svarar til når det gjeld essay og andre arbeidskrav.

Komiteen vil oppmoda HVO til å unngå reine nettstudium, sidan slik undervisning svekkjer dei sosiale sidene av forskarutdanninga. Å skape møtestadar der stipendiatane kan møtast fysisk, er med på å fremje den psyko-sosiale trivselen i stipendiatgruppa. Ei løysing kan vere å gje undervisninga dels på nett, dels gjennom samlingar på HVO.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- utarbeide eit eige skriv der det kjem fram kva som krevst av stipendiat og opponent for midtvegsseminaret

- oppmode til at opponenten gjer stipendiaten ei skriftleg tilbakemelding i midtvegsevalueringa
- klargjere kva for karakterar «bestått» svarar til

3.4.6 Kopling til forskning og/eller kunstnarisk utviklingsarbeid

studietilsynsforskrifta § 2-2 (6)

Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, og faglig utviklingsarbeid.

Vurdering

Søknaden peiker på to viktige verkemiddel for å kople ph.d.-studentane sine forskingsprosjekt til forskning og utviklingsarbeid. Det eine verkemiddelet går på at det er aktive forskarar som er ansvarlege for undervisning og rettleiing i programmet. Det andre går ut på å knyte ph.d.-studentane til eksisterande, relevante og levande FoU-miljø ved høgskulen.

I søknaden skriv HVO at ph.d.-studentane ved å ta del i relevante forskargrupper kan få både støtte og utfordringar i trygge rammer. Høgskulen viser til ei rekke forskargrupper som fell inn under namnet og profilen til ph.d.-programmet. Innan utdanning nemner HVO gruppene Læringsprosessar og vurderingshandlingar, Profesjonsfag, Spesialpedagogikk og inkludering samt fire fagdidaktiske grupper om norskfaget i lærarutdanninga, litteraturdidaktikk, matematikdidaktikk og fagdidaktikk i kunst og handverk. Innan fagområda språk og kultur nemner HVO forskingsgruppene Språkleg og kulturelt mangfald, Skriftkultur, Litteratur og musikk, Tidleg litterasitet, Religion og livssyn og Kultur møte. Alle desse gruppene har aktive forskarar som leiarar, og dei er i kontakt med forskingsfronten på kvart sitt område. Gruppene har frå fem (Fagdidaktikk i kunst og handverk) til 19 (Kultur møte) medlemmar, jamfør nettsida til HVO. I tillegg til desse forskargruppene, som fell inn under kjernen i ph.d.-programmet sin profil, nemner HVO ei rekke forskingsgrupper med relevante, men meir perifere tematikkar.

Søknaden peiker på at høgskulen dei seinaste åra har prioritert forskingsgrupper høgt, ved å auke tildelinga av finansiell stønad til reiser og seminar og til i det heile å sikre eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld vitenskapleg publisering, prosjektutvikling, nasjonalt og internasjonalt samarbeid og søknadar om eksterne middel. Ved å vere tilknytt relevante forskingsgrupper blir ph.d.-studentane fortrulege med mange sider av det akademiske virket. Komiteen meiner at HVO verkar godt førebudd på å inkludere ph.d.-studentane i relevante og levande forskingsmiljø på tilfredsstillande nivå.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

3.4.7 Ordningar for internasjonalisering

studietilsynsforskrifta § 2-2 (7)

Studietilbudet skal ha ordningar for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

Vurdering

HVO viser ei klar forståing for betydninga av at ph.d.-studentar bruker delar av studietida ved ein utanlandsk institusjon, og høgskulen peikar på ei rekke etablerte samarbeid om utveksling. Sjå punkt 3.4.8 for meir om internasjonal studentutveksling.

Høgskulen arrangerer den årlege studentkonferansen «ITS Volda». I 2019 vart ITS Volda arrangert fysisk ved HVO, med 25 studentdeltakarar. Konferansen har sidan dette vert arrangert digitalt. Sidan 2019 har høgskulen vore med i det europeiske lærarutdanningsnettverket Symposion.

HVO inngår i fleire nordiske og europeiske nettverk om lærarutdanning. For kort tid sidan innleia høgskulen samarbeid med eit polsk universitet om ph.d.-utdanning innan humaniora og pedagogikk.

Likevel er HVO oppmerksom på at ph.d.-studentane sine utanlandsopphald har individuell *ad hoc*-karakter, og derfor er mindre avhengig av formaliserte avtaler. HVO understrekar at rettleiarane har eit særskilt ansvar for å introdusere ph.d.-studentane for aktuelle nettverk og relevante forskingsmiljø i utlandet.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

3.4.8 Internasjonal studentutveksling

studietilsynsforskrifta § 2-2 (8)

Studietilbud som fører frem til en grad skal ha ordningar for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

Vurdering

HVO legg til rette for at stipendiatane i ph.d.-programmet skal kunne nytte ordningar for internasjonalisering undervegs i sjølve forskarutdanninga, og viser til etablerte samarbeidsavtaler med ulike universitet i Norden. HVO viser òg til nyare samarbeid mellom HVO og lærarutdanningane ved Hogeschool KPZ (Nederland), PHT Tirol (Austerrike), University College Absalon (Danmark) og Åbo Akademi (Finland). PPU-studentar ved HVO har tatt praksis i Frankrike og Austerrike, og HVO har nyleg opparbeidd kontakt med Jagiellonian University i Krakow. Hovudtyngda av det internasjonale samarbeidet ser

dermed ut å vera lagt til nordiske høgare utdanningsinstitusjonar, men med nyare samarbeidspartnarar dei siste fem åra. Utfordringa for HVO ser ut til å vera å oppretthalde desse nyare samarbeida over tid. I HVO sine retningslinjer for utanlandsstipend har ikkje høgskulen rekna inn at somme internasjonale høgare utdanningsinstitusjonar krev skulepengar. Reisestipendet bør i slike tilfelle også dekke kostnadar til skulepengar.

Vidare legg komiteen merke til at HVO ikkje har samarbeid med nokon engelskspråkleg høgare utdanningsinstitusjon. Samarbeid med ein slik institusjon kunne ein venta, sidan det i søknaden vert lagt vekt på at «språk» i tittelen på ph.d.-programmet primært viser til norsk og engelsk.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- styrke formelle føresetnader for ph.d.-studentane sine faglege og økonomiske moglegheiter for lengre utanlandsopphald
- få i stand samarbeid med engelskspråklege utdanningsinstitusjonar

3.5 Krav til fagmiljøet

3.5.1 Fagmiljøets kompetanse innanfor utdanning og forskning

studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (3)

Doktorgradsstudiet skal ha et fagmiljø med høy kompetanse innenfor utdanning og forskning. Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte forskningsresultater, inkludert publisering, på høyt, internasjonale nivå, og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Doktorgradsstudiet i kunstnerisk utviklingsarbeid skal ha et fagmiljø med høy kompetanse innenfor utdanning og kunstnerisk utviklingsarbeid. Ved rekruttering av faglige ansatte skal kunstneriske kvalifikasjoner i fagområder beskrevet i [forskrift 9. februar 2006 nr. 129](#) om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger, jf. § 1-1 annet ledd legges til grunn. Fagmiljøet skal kunne dokumentere omfattende kunstnerisk utviklingsarbeid på høyt, internasjonalt nivå, og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt.

studietilsynsforskrifta § 2-3 (5)

Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, og faglig utviklingsarbeid, og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Vurdering

Vedlegga 11 og 12 (CV og publikasjonslister) syner at fagmiljøet ved høgskulen har relevant, variert og høg kompetanse. Meir enn 3/4 av dei fagleg tilsette som er tenkt å delta i ph.d.-programmet, har i perioden frå 2017 til 2022 internasjonale publikasjonar ved sidan av norske. Den tematiske breidda er svært stor. Innanfor kjernen av programmet har HVO sterke fagmiljø. Ein liten del av publikasjonane som er lista opp, synest å ha avgrensa relevans for programmet, og dei ligg ikkje innanfor kjernen av programmet.

HVO må seiast å ha særleg høg kompetanse innafør utdanningsforskning retta særskilt mot læring og vurderingsformar, og også tverrfaglege studium innan literacy. Fagmiljøet innafør utdanning formidlar breitt og på eit høgt nivå. Formidlinga skjer ofte gjennom norske publikasjonar på nivå 1, og det er ein naturleg konsekvens av fagområdet det er tale om.

HVO har òg fleire forskarar som har hevda seg innan historiefaget og innan medieforskning og mediehistorie, spesielt retta mot etikk, digital humaniora og digital kompetanse. Vidare har høgskulen eit sterkt fagmiljø innan skriftkultur, tekstforståing og tverrfaglege kultur møte.

Det må nemnast at vedlegga òg syner at den relevante kompetansen er spreidd på fleire fakultet og institutt. HVO har sendt inn CV-ar for 42 fagleg tilsette frå ikkje mindre enn 13 ulike institutt, og mange av desse skal etter søknaden berre ha nokså små roller i ph.d.-programmet. Seks institutt er representerte ved berre ein tilsett. Då vert spørsmålet i kva grad det reelt er snakk om eit samla fagmiljø. Sjå også punkt 3.5.2 for meir om det. Høgskulen bør difor arbeide strategisk med å skapa møteplassar for det breie fagmiljøet, slik at dei som underviser og rettleier, kan arbeide saman om ph.d.-programmet.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- arbeide strategisk med å skapa møteplassar for det breie fagmiljøet, slik at dei som underviser og rettleier, reelt kan arbeide saman om ph.d.-programmet

3.5.2 Fagmiljøets djupne og breidde

studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (4)

Fagmiljøet skal ha dybde og bredde innanfor alle vesentlige deler av doktorgradstudiet slik at doktorgradskandidatene kan delta aktivt i ulike faglige relasjonar og få innføring i ulike perspektiver.

Vurdering

Fagmiljøtabellen viser at det er 9,5 årsverk som er knytte til programmet. I søknaden skriv HVO at det er 15 fast tilsette professorar i full stilling, med ein god fagleg breidde innafør programmet. Dette verkar i utgangspunktet som tilstrekkeleg for å gi studentane den naudsynte faglege djupna og breidda. Likevel er det viktig å vera merksam på at det er krevjande med så mange vitenskapleg tilsette involverte i eit studieprogram når dei aller fleste berre har ein liten prosentdel av stillinga si i programmet. Åtte av totalt 42 tilsette har 0,4 del av stillinga si i programmet, resten har mindre. Forskargruppene vil få ei viktig rolle i å utvikle det nye fagområde. Heile seks institutt bidreg med berre éin tilsett inn i fagmiljøet, noko som vil gjere det krevjande å oppretthalde eit godt nok fagmiljø. Sjå også punkt 3.5.1 for meir om det.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

3.5.3 Fagmiljøets størrelse, stabilitet og kompetanse

studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (5)

Doktorgradsstudiet skal ha et fagmiljø som er stabilt og består av tilstrekkelige antall ansatte med professor- og førsteamanuensiskompetanse innanfor hele bredden av studietilbudet. Det skal gjennomføres en helhetlig vurdering av om fagmiljøet har tilstrekkelig antall ansatte for å dekke fag og emner og den veiledningen studiet består av. Fagmiljøet skal bestå av ansatte med relevant kompetanse. Institusjonens vurdering skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

studietilsynsforskrifta § 2-3 (1)

Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

Vurdering

Som allereie nemnt er det i søknaden rekna opp heile 42 fagtilsette som er tenkt å vere knytte til programmet. Alle desse er professorar (15) eller førsteamanuensar (27). Kompetansen til å dekke dei planlagde programemna er tvillaust til stades, men det krev at HVO har stillingsplanar og strategiske mål for å oppretthalde fagkompetansen. Komiteen vurderer det òg slik at den naudsynte rettleiingskompetansen er til stades i dag, men at HVO her særskilt må prioritera å halde fram med rettleiingskurs, både ved oppstart av nye rettleiarar og som stendig oppfølging av rettleiingskompetansen. I dag framstår fagmiljøa ved HVO som tilstrekkeleg stabile, men her er ein igjen avhengig av at strategiske planar og stillingsplanar framover vil sikre denne stabiliteten. Overordna vurdering er at krava i studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (5) og studietilsynsforskrifta § 2-3 (1) er oppfylte. Sjå likevel pkt. 3.5.1 om at høgskulen må syte for at desse faglege programtilknytte i praksis kan fungere som eit samla fagmiljø. Sjå også punkta 3.5.1 og 3.5.2 for meir.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

3.5.4 Kapasitet og rekrutteringspotensial

studiekvalitetsforskrifta § 3-3 (6)

Institusjonene skal dokumentere at den har kapasitet og rekrutteringspotensial til å ta opp minst 15 stipendiater til doktorgradsstudiet i løpet av fem år etter oppstart. Institusjonen skal i tillegg sannsynleggjøre at den over tid kan opprettholde et doktorgradsmiljø med minst 15 stipendiater. Personer ansatt under ordningen næringsph.d og offentlig sektor ph.d, kan inngå i beregningen av antall stipendiater etter denne paragrafen og § 3-8 femte ledd. Minst åtte av stipendiatene skal ha hovedarbeidsplass ved institusjonene. Institusjonen kan i tillegg ta opp doktorgradskandidater med annen finansiering.

Vurdering

HVO har hatt gode erfaringar med å inkludera forskning i lærarutdanninga for nokre studentar. Den nye lærarutdanninga er langt meir forskingsbasert enn den tidlegare, og det har skjedd nytenking i forskingsmetode i grunnskulelærarutdanninga ved HVO. Eit ph.d.-program gir institusjonen høve til å utvikle enda betre og meir forskingsreflekterte masterprogram.

Søknaden viser til at det i snitt har vorte utført 21 stipendiatårsverk ved høgskulen dei siste åtte åra, men det går ikkje klart fram om alt dette arbeidet har vore direkte knytt til

doktorgradsprosjekt. Uansett syner søknaden, saman med det høge talet på stipendiatårsverk, at krava til kapasitet er tilfredsstilte.

Når det så gjeld rekrutteringspotensial, fortel søknaden at mange av stipendiatane har vore nøydde til å få opptak på ph.d.-program ved andre institusjonar, fordi dei arbeider med humaniora og utdanningsforskning. Her er det å vente at mange i denne gruppa i framtida vil ønske å knytte seg til det nye, lokale ph.d.-programmet. Dette vart også klart bekrefta av stipendiatane komiteen møtte i Volda. Dei peikte òg på at den nye graden vil hjelpe nokre som i dag ikkje kan ta ph.d.-graden på grunn av familieforpliktingar på heimstaden og liknande. I søknaden heiter det vidare at høgskulen tek sikte på å rekruttere frå egne lektorar som tek ph.d.-utdanning ved sidan av undervisningsoppgåver på ei intern ordning, så vel som nokre eksterne kandidatar. Det er uklart korleis programmet vil bli marknadsført både internt og eksternt til moglege søkjarar.

HVO ser òg for seg eit rekrutteringspotensial i ordningane med nærings-ph.d. og offentleg ph.d. Komiteen er samd i desse vurderingane, men ein kan vel her gå ut frå at ordningane settar oppsamla behov, og derfor vil svekkast over tid.

Alt i alt reknar komiteen likevel med at krava til rekrutteringspotensial er tilfredsstilte.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- gjere betre greie for korleis programmet blir marknadsført både internt og eksternt til moglege søkjarar

3.5.5 Fagmiljøets utdanningsfaglege kompetanse

studietilsynsforskrifta § 2-3 (2)

Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse.

Vurdering

Høgskulen dokumenterer i søknaden at dei fleste vitkapeleg tilsette knytte til programmet har både teoretisk og praktisk kompetanse i undervisning og rettleiing. Mange har ei lærarutdanning som si første utdanning, fleire har pedagogiske eksamenar på ulike nivå, og alle har erfaring med undervisning og rettleiing. I tillegg har mange i fagmiljøet tatt kurs i universitets- og høgskulepedagogikk ved Avdeling for humanistiske fag.

Komiteen meiner at fagmiljøet har god pedagogisk kompetanse. Likevel vil dei sakkunnige framheve at det er viktig at høgskulen set i gang kurs for rettleiarar, og at HVO utviklar systematiske rutinar for oppfølging samt erfaringsutvekslingsmiljø for rettleiarar, når så mange vitkapeleg tilsette skal vere hovudrettleiar for ph.d.-studentar for første gong.

Konklusjon

Kravet er oppfylt.

Høgskulen bør

- etablere erfaringsutvekslingsmiljø som kan bidra til å vidareutvikle dei vitskapeleg tilsette sin kompetanse i rettleiing på ph.d.-nivå
- organisere ph.d.-rettleiingskurs for rettleiarar på ph.d.-nivå

3.5.6 Fagleg leiing

studietilsynsforskrifta § 2-3 (3)

Studietilbudet skal ha en tydelig leiing med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Vurdering

Det overordna ansvaret for programmet ligg til styret ved institusjonen, medan det faglege ansvaret for ph.d.-programmet er delegert til Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL), der den daglege drifta vil liggja. I tillegg til at doktorgradsutvalet skal ha ansvar for opptak, utvikling og godkjenning av emne, fastsetjing av retningslinjer og generell kvalitetssikring av studia, bør det gå fram korleis avgjerdene i doktorgradsutvalet blir følgde opp. I tillegg får kvart emne i opplæringsdelen ein fast tilsett professor eller førsteamanuensis som emneansvarleg.

Ansvar for kvalitetssikring er tydeleg forankra i leiinga. Det framstår i søknaden som om høgskulen gjev ei klar rollefordeling av ansvar for og leiing av ph.d.-programmet.

Konklusjon

Kravet er oppfylt.

Høgskulen bør

- klargjere i dei interne rutinane korleis avgjerdene i doktorgradsutvalet blir følgde opp

3.5.7 Tilsette i hovudstillingar og sentrale delar

studietilsynsforskrifta § 2-3 (4)

Minst 50 prosent av årsverkene knyttet til studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med minst førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

- a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse

- b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosent kompetanse ansatte med førstestillingskompetanse.
- c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professorkompetanse.

Vurdering

Søknaden godtgjer at krava til tilsette i hovudstilling og til førstestillingskompetanse er stetta. Alle dei 42 fagtilsette som er tenkt knytte til programmet, har hovudstilling ved HVO og har førstestillingskompetanse. Av dei 14 fagtilsette som er satt opp med 0,3 årsverk eller meir i programmet, er det tolv professorar og to førsteamanuensar. HVO har ikkje sjølv definert dei sentrale delane, men komiteen meiner at dei tre sentrale delane er utdanning, språk og kultur, i tråd med namnet på studietilbodet. Dei sentrale delane av studietilbodet er såleis godt dekkja med omsyn til kompetanse.

Når det elles gjeld kravet til professorkompetanse, vil komiteen peike på at marginen totalt sett er liten. Av i alt 9,5 årsverk utgjer 4,9 professorårsverk berre 52 prosent. Ved endringar i staben blir det såleis naudsynt å sjå til at denne prosentandelen ikkje søkk.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- laga ein plan for å auke talet på tilsette med professorkompetanse

3.5.8 Fagmiljøets eksterne faglege deltaking

studietilsynsforskrifta § 2-3 (6)

Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Vurdering

Høgskulen er med i fleire regionale, nasjonale og enkelte internasjonale forskingsnettverk, forskingssamarbeid og forskarskular. UH-nett Vest, Vestlandets forskarskule for pedagogikk og utdanningsforskning og den nasjonale forskarskulen for historie er gode og relevante nettverk for studietilbudet, ved sidan av forskarskulen innanfor matematikk og naturfagsdidaktikk. I tillegg kjem internasjonale forskingsnettverk som det Europeiske lærarutdanningsnettverket Symposium og Erasmus-avtala om tredje syklus med eit universitet i Vilnius. Avtaler om studentutveksling og internasjonalisering ligg i dag for det meste på bachelor- og masternivå, og her bør høgskulen utvide avtalene med tanke på

ph.d.-tilbodet. Bortsett frå deltakinga i den no nedlagde NAFOL-forskarskulen verkar fleire av desse samarbeida noko perifere for ph.d.-programmet sine kjerneområde utdanning, språk og kommunikasjon. Samarbeida verkar personavhengige, dvs. avhengige av personleg initiativ og engasjement. HVO bør ta sikte på å auke deltakinga i internasjonale forskingssamarbeid, i tillegg til å utvikle støtte i søknadsskriving.

Konklusjon

Krava er oppfylte.

Høgskulen bør

- auke deltakinga i internasjonale forskingssamarbeid innan utdanning, språk og kultur

4 Konklusjon

På bakgrunn av den skriftlege søknaden med tilhørende dokumentasjon konkluderer den sakkunnige komiteen med følgende:

Komiteen anbefaler akkreditering av *ph.d. i utdanning, språk og kultur* ved Høgskulen i Volda.

5 Dokumentasjon

22/11467-1 HØGSKULEN I VOLDA - søknad om akkreditering av ph.d.-program i utdanning, språk og kultur

22/11467-8 Tilsvar på utkast til rapport – akkreditering av ph.d.-studium i utdanning, språk og kultur sendt fra Høgskulen i Volda

Vedlegg

Vedlegg 1: Læringsutbytte

Kunnskap

Kandidaten

- er i kunnskapsfronten på området for ph.d.-arbeidet
- meistrar sentral vitskapsteori og metodar for forskning på utdanning, språk og kultur
- kan vurdere den kritisk relevansen og bruken av ulike metodar og prosessar i forskning på fagfeltet
- kan vurdere kritisk nasjonal og internasjonal forskning på området for ph.d.-arbeidet
- har kunnskapsgrunnlag til å kunne ta aktiv del i utviklinga av ny kunnskap og nye metodar, tolkingar og dokumentasjonsformer

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan formulere problemstillingar for, planlegge og gjennomføre forskning på sentrale område innafor utdanning, språk og kultur
- kan drive forskning og fagleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- kan gjennomføre forskingsprosjekt i fagfeltet på ein etisk forsvarleg måte
- kan handtere komplekse faglege spørsmål og utfordre etablert kunnskap og praksis
- kan problematisere kunnskapsgrunnlaget for forskingsfeltet gjennom vitskapsteoretiske, metodiske og etiske refleksjonar

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan identifisere aktuelle forskningsetiske utfordringar og utøve eiga forskning med fagleg integritet
- kan identifisere behov for ny forskning med relevans for utdanning, språk og kultur
- kan drive og leie komplekse tverrfaglege arbeidsoppgåver og prosjekt
- kan formidle forskings- og utviklingsarbeid gjennom kvalitetssikra nasjonale og internasjonale publiseringskanalar

- kan ta aktiv del i debattar på fagfeltet i internasjonale fora
- har tileigna seg tverrfagleg forståing og tverrprofesjonell kompetanse

Vedlegg 2: Akkrediteringsprosessen

NOKUT gjer ei innleiande vurdering for å avklare om søknaden er tilfredsstillande dokumentert og kan sendast til sakkunnig vurdering. For søknader som går vidare, oppnemner NOKUT sakkunnige til fagleg vurdering av søknaden. Dei sakkunnige må erklære seg habile og utfører oppdraget i samsvar med mandat for sakkunnig vurdering, vedtatt av NOKUTs styre, og krav til utdanningskvalitet slik desse er fastsette i studietilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta. Institusjonane får moglegheit til å uttale seg om NOKUTs forslag til sakkunnige før oppnemninga.

NOKUT har ansvar for opplæring, rettleiing og oppfølging av dei sakkunnige gjennom akkrediteringsprosessen. Dei sakkunnige gjennomfører eit to dagars institusjonsbesøk, anten fysisk eller digitalt. Her møter dei mellom anna leinga ved institusjonen, fagleg leing i programmet, vitenskapleg personale, noverande ph.d.-studentar og potensielle arbeidsgivarar, og dei vurderer infrastrukturen. Etter institusjonsbesøket skriv dei sakkunnige ei vurdering som går til NOKUT for kvalitetssikring.

I sin faglege vurdering skal dei sakkunnige gi ein tydeleg konklusjon på om utdanningskvaliteten samsvarer med krava i studietilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta. Dei sakkunnige blir også bedne om å gi råd om vidare utvikling av studietilbodet. Alle kriterium må vere tilfredsstillande oppfylte for at NOKUT skal vedta akkreditering. Dersom komiteen anbefaler akkreditering, får institusjonen éi veke til å kommentere eventuelle faktafeil i rapportutkastet. Dersom komiteen ikkje anbefaler akkreditering, får institusjonen tre veker til å kommentere utkastet og gjere mindre endringar i studieprogrammet. Dei sakkunnige får institusjonen sine kommentarar og gir ei tilleggsvurdering. Basert på dei sakkunnige si anbefaling og NOKUT si vurdering av dei formelle vilkåra for akkreditering fattar styret i NOKUT vedtak i saka.

Vedlegg 3: Program for institusjonsbesøk

Måndag 28. august

10.00-10.15 Komitémøte

11.15-12.15 Mastergradsstudentar

12.15-13.15 *Omvising*

13.15-14.00 *Lunsj*

14.00-15.00 Ph.d.-studentar/stipendiatar

15.00-16.00 Fagleg leing å avdeling og institutt

16.00-17.00 Akademisk personale: Utdaningsfagleg kompetanse

17.15-18.00 Avtakarar / framtidige arbeidsgjevarar

Tysdag 29. august

09.00-10.00 Akademisk personale: Anna fagleg kompetanse

10.00-11.00 Administrativt personale

11.00-12.00 Komitémøte

12.00-13.00 Lunsj

13.00-14.00 Avsluttande møte med leiinga

14.00- Komitémøte – oppsummering

Vedlegg 4: Presentasjon av den sakkunnige komiteen

Studietilsynsforskrifta § 5-6 andre ledd fastset krava til sakkunnige ved akkreditering av studietilbod på doktorgradsnivå.

- **Professor Inga Bostad, Universitetet i Oslo**
Bostad er professor i filosofi ved Institutt for pedagogikk ved det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo (UiO) og professor 2 ved Arkitektur- og Designhøgskolen. Bostad er leder av forskningsgruppen HumStud, humaniorastudier i pedagogikk, og leder av det komparative forskningsprosjektet NordEd (Den nordiske utdanningsmodellen). Hun var viserektor ved UiO fra 2006–2009, prorektor ved UiO i perioden 2009–2013 og direktør for Norsk senter for menneskerettigheter ved det juridiske fakultet, UiO, fra 2014-2017. Bostad har bred erfaring som sakkyndig for NOKUT. Hun var komitéleder for komiteen som i pilotprosjektet for tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet vurderte kvalitetsarbeidet ved Norges Handelshøgskole, og for tilsynet med kvalitetsarbeidet ved UiS i 2021. Hun var også komiteleder under revidering av ph.d. i studier av profesjonspraksis ved Nord Universitet.
- **Professor Nils Ivar Agøy, Universitetet i Sørøst-Norge**
Agøy er professor i moderne historie. Han har bl.a. forsket på politisk ideologiutvikling, sivile rettigheter, militære selv- og fiendebilder, nasjonalisme, sammenhengen mellom lutherdom og velferdsstatsutvikling, og forholdet mellom kirke og arbeiderbevegelse. Ved siden av historie har han også bakgrunn innen teologi, og har også arbeidet noe med litteraturstudier og skjønnlitterær oversettelse. Han har vært med på å utarbeide en rekke nye studietilbud, bl.a. om nordisk historie og om humanistiske fags nytte av IKT. Agøy var medlem av komiteen som i 2005-2006 utarbeidet Høgskolen i Telemarks søknad om akkreditering av et doktorgradsprogram i kulturstudier. Han var også en del av en gruppe som i 2014-2015 planla Høgskolen i Telemarks masterprogram i utdanningsvitenskap.
- **Professor emeritus Jens Rasmussen, Aarhus universitet**

Rasmussen er professor emeritus ved Aarhus Universitet, Danmarks Institut for Pædagogik og Uddannelse (DPU) som er et anerkjent utdannings- og forskningsmiljø innenfor utdanningsforskning. Et av målene for DPU er at «forskningen skal være forankret i og hente sin soliditet gjennom internasjonal pedagogikk og utdanningsforskning av høyeste kvalitet». Rasmussen har forsket på lærerutdanning gjennom mange år hvor skoleutvikling er et sentralt tema. Ved DPU underviser han på alle nivåer og er også veileder for ph.d.-kandidater. Rasmussen kan vise til en rekke publikasjoner i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift. Temaer for forskningen spenner bredt og omhandler temaer som lærerprofesjonen, skoleutvikling, reformer, skolen i et globalt perspektiv, undervisning, læreplanutvikling, sammenheng mellom teori og praksis i lærerutdanningen og pedagogisk sosiologi. Rasmussen har også deltatt i en komparativ studie av de nordiske lærerutdanningene i Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige. Han har også ledet evalueringen av den danske lærerutdanningen i 2003 og vært medlem av følgegruppen for 2007-utdannelsen, hvor en av anbefalingene var å innføre en mer FoU-basert tilnærming i utdanningen. Rasmussen har også vært formann for det nasjonale ph.d.-råd.

- **Audhild Lindheim Kennedy, Universitetet i Sørøst-Norge**

Kennedy er stipendiat ved Institutt for kultur, religion og samfunnsfag. I ph.d.-prosjektet sitt forsker hun på kulturarv og læring i formidlingen av Rjukan-Notodden verdensarv. Som en del av pliktarbeidet har Audhild undervist i samfunnsfag ved grunnskolelærerutdanningen. Audhild har hovedfag i sosialantropologi fra Universitetet i Oslo. Underveis i stipendiatperioden har Audhild også vært stipendiatrepresentant ved sitt ph.d.-program og sittet i arbeidsgruppen for videreutviklingen av ph.d.-programmet ved sitt fakultet.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578, 1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 |